

Statens vegvesen region Vest

Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Kari Morvik

Telefon: 90734161

Vår referanse: 18/8370

Dykkar 17/230222

referanse:

Dato: 04.06.2018

Lindås kommune Hordaland - uttale til varsel om oppstart. Detaljreguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg

Vi viser til mottatt melding om oppstart av detaljregulering for E39 Vikane – Eikangervåg.

Føremål og planstatus

Planen vil omfatte utbetring av veg og etablering av tilbud til gåande og syklande langs vegen. I tillegg til dette, busslommer og planfri kryssing.

Vår rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga.

I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Våre merknader

Vi har registrert ein låssetjingsplass i Vikane på vestsida. Aktuell periode for låssetjing er mai – desember, avhengig av fiskeri.

I tillegg har vi registrert eit gyteområde for kysttorsk mellom Langholmen og Fyllingsnes. Sårbar periode i samband med gyting er januar/februar – mars/april.

Ut frå det vi kan lese av oppstartsmeldinga, kan det vere at tiltaket kjem i konflikt med dei interesser vi skal ivareta.

Det som ikkje er gjort greie for i oppstartmeldinga, er stad for dumping/deponering av eventuell overskytande masse. Dersom denne eventuelt er tenkt dumpa/deponert i sjø i Vikane, må det takast omsyn til låssettingsplassen og gyteområdet. Fisk i steng kan få gjellane øydelagde og døy som følgje av dette.

Kysttorsk er ein sårbar art som det må takast omsyn til i gyteperioden både med omsyn til skuddsalvar i nærområdet og dumping/deponering av steinmassar i gyteområdet.

Konklusjon

Dersom tiltaket vil få verknad for låssettingsplassen og/eller gyteområdet, vil vi krevje at det blir sett i verk avbøtande tiltak for å unngå skade.

Ut over dette har ikkje vi merknader til varsel om oppstart og ber om å få planen på høyring når den er klar til offentleg ettersyn.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Statens vegvesen region Vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER